

## Vedlegg G: Sanksjonar

Det kan vere bruk for ulike former for sanksjonar ovafor personar som tyr til vald, truslar, eller anna uakseptabel åtferd mot tilsette i Kinn kommune.

Kva sanksjonar som skal brukast må vurderast nøye. Den einskilde tenesta må klargjere kven som kan fatte vedtak om når sanksjonar skal takast i bruk.

Diskusjonen om korvidt straff er eigna verkemiddel er ikkje tema her. Ein skal vere opptatt av om grensesetting og sanksjonar kan redusere valdsbruk og auke tryggleiken.

### **Tenestene må først og fremst fokusere på førebyggjande tiltak og tryggingstiltak.**

Ein sanksjon kan vere å stenge ute ein person frå ein bestemt stad. Dei som har ansvaret for at slike sanksjonar vert sett i verk må sørge for at klienten/brukaren, ikkje misser lovmessige rettar.

Tenesta bør ta kontakt med politiet for å be om utestenging, og for å avklare om det må leggjast inn skriftleg melding der ein ber om utestenging.

Bruk av rettsapparatet er å føretrekke framfor å utøve eigen justis når det gjeld utestenging, særleg for å kunne ivareta klienten/brukaren sin rettstryggleik. Politiet har høve til å forby ein person å opphalde seg på eitt bestemt område. I tillegg kan ein domstol avseie dommar der ein person får forbod mot å opphalde seg på eit bestemt område over ein bestemt periode (jfr straffeloven §33 og straffeprosessloven §222).

Det er viktig å dokumentere alle tilfelle av vald og truslar spesielt med tanke på bevisgrunnlag ved ei eventuell utestenging.

### **Utestenging**

Om verksemdar vel å føreta utestenging sjølv skal avgjerd om utestenging innehalde følgjande punkt:

- Utestengingsperioden si lengde
- Kva for område utestenginga gjeld for
- Korleis klienten/brukaren kan nå tenesta.(td. telefon)
- Korleis tenesta kan nå klienten/brukaren
- Kvifor utestenging blir sett i verk
- At tenesta tek saka alvorleg
- Utestenging vert underskrive av ansvarleg leiar

### **Adressering av utestenging**

- Originalen til klienten/brukaren
- Kopi til kommunedirektør
- Kopi til klient/brukarmappa

Det er viktig at klienten vert sikra tenester uavhengig av kor valdeleg vedkomande er, samstundes som at arbeidstakar sitt liv og helse vert sikra. Dersom det er motsetningar mellom ulike interesser, må omsynet til arbeidstakaren sitt liv og helse vege tyngst.

### **Eksempel på ulike reaksjonar**

- Brukar har tilgjenge til verksemda, men ikkje til sakshandsamaren sitt kontor
- Berre tilgjenge til verksemda etter avtale
- Forbod mot tilgjenge og politimelding
- Melding av skadeverk
- Bortvising frå verksemda sitt område og klient/brukar får ikkje vise seg der resten av dagen
- Klient/brukar blir innkalla til ein konfronterande samtale med tenesteleiar. Det blir gitt skriftleg åtvaring som skal innehalde eventuelle vidare sanksjonar ved gjentaking.

Ei åtvaring er mildaste form for sanksjon ved uakseptabel atferd.